

Protokoll Styremøte i Suldal IL

Onsdag 13. November 2024 kl 19:00 (møte nr 5 2024/2025)
Personalrommet Vinjar skule



Til stades: Haavard Vaage, Astri Steinbru Lauvsnes, Ranveig Hjorteland, Kjersti Moe, Hege Hiim Steine, Tom Gardsteig, Geir Kjetil Østebø og Jon Bråtveit

Saksliste:

Sak 32/24-25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjent

Sak 33/24-25 Godkjenning av møteprotokoll frå sist styremøte

Godkjent

Sak 34/24-25 Orientering og saker frå leiar v/ Haavard Vaage

- **Søkt Straum støtte 3 kvartal.**
 - o Søknadsbeløpet for 3 kvartal er 9Kr.
- **Samkøyring av medlemmer Klubbadmin VS Spond**
 - o Foreslår at Styremedlem som er ansvarleg for medlemskontingent også er ansvarleg for Spond. Og samkøyra disse. Geir Kjetil sjekkar opp om dette kan gjerast på ein grei måte.
- **Forslag om revidert Flagglista for resten av 2024/2025 etter ønske**
 - o Godkjent
- **Prosjekt 41405 lysløypa Mosvatnet Lysløype (Lys)**
 - o Ferdig og SIL har fått utbetalt resterande beløp frå Suldal kommune.
- **Prosjekt 41405 lysløypa Mosvatnet (Snøproduksjon)**
 - o Fått utsett rapporteringsfrist til 01.02.2025
- **Prosjekt Akebakke Gratishaugen**
 - o Helen og kommunen har dialog og fortsatt håp om å få utført dette i år.

Sak 35/24-25 Orientering og saker frå Ski gruppa v/ Kjersti

Treningane

Er nå godt i gang for fullt for alle 3 treningsgruppene våre.

- Den yngste gruppa (1.-2.kl): Ca. 18 ungar. Dei har nå flytta treningane inn i gymsalen, og held på her til snøen kjem i lysløypa. 3 trenarar her.
- Mellomgruppa (3.-5.kl. sånn ca.): 16-18 på lista. Litt varierende kor mange. Nokre i denne gruppa er med når det er barmark eller på snø, ikkje rulleski. Treningane har vore på rulleski i haust. 3 trenarar. Dei deler oftast gruppa i to.
- Eldste gruppa (6.klasse og oppover sånn ca.): 22 på lista. Ca. 12 som møter på treningane. Dei har rulleski/barmark på tysdagar. Mest på rulleski i haust, men litt barmark også. Torsdagar: Styrketreninga i gymsalen f.o.m 5.klasse.
- Det vart arrangert foreldremøte med informasjon frå idrettslaget og skigruppa, på ei tysdagstrening for den yngste - og mellom gruppa. Informasjonsskriv er lagt ut i Spond-gruppene.

Ny rulleski-løype - Prestavikjo



Den nye rulleskiløypa i Prestavikjo er blitt asfaltet. Den har vore mykje i bruk etter at den kom. Organiserte treningar her + ungar på eiga hand. Veldig kjekt. Nå blir det å utnytte og utvikle løypa vidare med element på treningar. For eksempel skicross. Dette krev litt utstyr/rekvisittar. Slik det er med utstyret nå, er det lagra rundt i private bilar og private garasjar. Dette er ikkje ideelt. Me måst oversikt over kva me har, kor ting er, og ting må leitast opp/spørjast etter når det skal brukast av andre. Me håpar at det kan bli lagerplass i den «gamle» brannstasjonen i Prestavikjo etter kvart. Så me vil nok venta med å kjøpa inn utstyr til dette er på plass.

Nye rulleski

Mellomgruppa har, som sagt, satsa på rulleski i haust. Med like i underkant av 20 ungar i denne gruppa, hadde me ikkje nok / godt nok utstyr til å låna ut til alle desse. Me har difor kjøpt 12 par rulleski til ungar. Dette er brukte rulleski, som har vore brukt på Blinken. (Desse vert lagt ut for sal kvar haust). Fleire av dei rulleskia skigruppa har i dag, er mogne for utskifting av deler / nye hjul / vedlikehald. Utfordrande å få nokon til å melda seg til denne dugnadsoppgåva.

Trimtex- skidressar

Me har landa nye avtalar for sponing av Trimtex-skiklede. Me har auka satsane i år, og i tillegg kome med tilbod om å inngå 3-års -kontraktar for dei som vil/har høve. Dette også for å spare arbeid for styret. Me kom godt i mål med arbeidet i år. Barnedressane er mest subsidiert. Kari har gjort ein kjempe jobb her, og hatt eit godt og effektivt samarbeid med Trimtex. Me framskunda bestillingane i år, slik at me kan få klede klare tidlegare. Meldinga er at kleskolleksjonen er på veg. Målet har vore at dei skal vera levert før Hovden-helga i desember.

Skirenn

Skikarusellen:

Skigruppa er i gang med å planlegga for sesongens skirenn. Me har hatt møte med Hjelmeland IL, angående samarbeid om Skikarusellen. Resultat: Suldal IL kjem til å arrangera heile Telenor Skikarusell åleine i år. Dette må søkjast om i desse dagar. Me trur at dette kan gå fint. Me har mange gode ressursar på dugnadlista vår, og me har mange aktive ungar på treningane. Me meiner difor at det er viktig å halda på Skikarusellen, då dette er det viktigaste inkluderingstiltaket/ arrangementet skigruppa i Suldal IL gjer. Dette er dei skirenna ungane på våre treningar deltek på, utan å måtta reisa langt. (Her er det nok potensiale for å gjera endå meir, og med fallande barnetal, større innvandring, vil det vera nok av utfordringar å ta tak i for Skikarusellen framover også.)

Det er difor viktig at me held kvaliteten oppe på renna, og tilpassar og utviklar gradvis. Dette vil krevja mykje av heile Idrettslaget. Rammene rundt rennet er minst like viktige som sjølve skirennet. Me vil evaluera etter sesongen. Er dette berekraftig framover? Må me gjera ting annleis?

Suldalsrennet 15.02.25:

Er meldt inn og på skikretsen si liste over kretsrenn for neste sesong.

Hovdenrennet:

Andre helga i desember. Satsar på ein kjekk klubbturn i år også. Invitasjon er lagt ut på FB-sida til skigruppa. Ein arbeidskomitè jobbar med denne turen.

Sonesamling



Me blei inviterte til Sonesamling på Hjelmeland sist helg. Ingen frå Suldal meldte seg på reise. Det er elles mindre skigrupper/treningsgrupper i nabokommunane våre for tida, og nokre ligg litt «dvale». Me er største klubb i vår sone/region for tida.

Me hadde nokre som reiste på Sonesamling/kretssamling på Meheia i Sandnes for nokre helger sidan.

Sak 36/24-25 Orientering og saker frå Fotball gruppa v/Jon

Sesongen er over:

- Har vore arrangør for Suldalsserien og cupen, har evelueringsmøte om eit par veker. Det meste går greit. Har teke opp enkelttilfelle med fotballgruppeleiarar. Utfordring enkelte gonger med lik speletid, at det er viktigare å skapa gode opplevingar og relasjonar for spelarane enn å vinna, gjerne med mange mål.
- Avslutta Gubbaserien med felles avslutningsrunde der alle laga møttest til kvar sin siste kamp i Prestavikjo ein laurdag. Fekk også med tre damelag (Haugil, Sand og Suldal) slik at det blei dameturnering. Hadde bankett om kvelden med 50 påmeldte. Første gong me forsøker ei slik avslutning, og det høyrer ut til at det gav meirsmak.
- Arrangerte 3'ar-turnering for 1.-2. Klasse. Fem lag frå Suldal, eitt frå Haugil og eitt frå Sand. Dette var også første gongen, og noko me må gjenta. Då reknar me med meir deltaking frå andre grender også.
- Suldalsgutane- og jentene.
 - o Seriane er avslutte, og det blei ei fin avslutning for alle
 - G12 - sportsleg og sosial suksess.
 - G13 – noko tyngre sesong, leid av å mista 2-3 spelarar halvvegs, men avslutta med gode prestasjonar.
 - G12/13 har vore ei treningsgruppe, noko som har vore bra, spesielt for G13. Dei har nok drege nytte av at det er ekstra motiverte spelarar og lagleiarar på G12.
 - G14/15 er blitt ei mindre gruppe sidan fleire av dei eldste har flytta, slutta eller satsa på a-laget, men laget har gjort det bra på banen. Vann gruppa si i haust.
 - J15 har hatt gode resultat i haust, og kjempar i toppen (blir avgjort tysdag/i går.) Har ei god gruppe med jenter, og har fått noko tilvekst. Ikkje mange nok i kvar aldersgruppe til å ha to lag, og derfor blir det ein skikkeleg overgang for 12-13-åringar å komma inn på J15. Ser ut til at dei greier det bra.
 - Eit par G12-spelarar har vore på treningsamling med FKH-akademiet. Nyttig for å sjå kor nivået er, og inspirerende for spelarar. Gir også oss i fotballgruppa nyttig informasjon på kva som er bra å trena på.
 - o Seniorlag:
 - 11'ar-lag 6. divisjon: God sesong, enda på 2. plass. Stort sett greitt å få spelarar, men tidleg haust er utfordring når ein i tillegg har fått tre langtidsskader på etablerte spelarar. Har drege nytte av at Sauda ikkje har a-lag, noko dei nok skal ha neste år.



- 7'ar-lag i Stavanger: Gode resultat, og ikkje minst viktig for spelarar som bur i Stavanger at dei har eit treningstilbod der. Bra sosialt for suldølen (pluss nokre saudabuar).
- Gubbalag: Ikkje særleg sportsleg suksess, men veldig bra at ein har fått påfyll av yngre karar som har lyst til å spela fotball. Eit generasjonsskifte på veg her, sidan dei ekta gubbane slit med bein og rygg. Viktig å halda gang på dette for det unge vaksenmiljøet i grenda.
- Damelag: Fekk til å stilla lag på dameturnering med nokre studentar som kom heim. Er det nok som bur heime til at ein får til treningar?
- Grasrottenarkurs:
 - 10 stk frå Suldal IL/Suldalsgutane- og jentene har fullført Grasrottenarkurs i regi av Fotballforbundet og FK Haugesund. Fire rundar med tre samlingar på tre timar kvar gong = 36 timar.
 - Tre stk har tre av fire kurs.
 - Fleire har eitt eller to av delkursera.
 - Gir oss ein felles plattform og eit felles utgangspunkt, gjer oss meir samkøyrd, spesielt på kva som er formålet med barnefotball.
- Framover:
 - Laga sportsplan
 - Ein raud tråd gjennom årskulla.
 - Kven skal delta på kva, og når?
 - Forventningar til spelarar, trenarar, leiarar, føresette.
 - Øvingar, gjera det lettare å vera trenar.
 - Breidde som hovudmål, men rom for å utvikla seg ut vidare.
 - Kva skal gjerast når, administrativt.
 - Kven skal vera med på dugnad, kva type og når?
 - Rigging av lag og trenarar til neste sesong.
 - Vasking av medlemslister og FIKS-registreringar.

Sak 37/24-25 Orientering og saker frå Trimgruppa v/ Haavard

- Me har samla inn alle bøker frå postane og har trekt vinnarane.
- Har merka på nytt i Bydalen (der det var merke frå før)

Sak 38/24-25 Orientering og saker frå Økonomigruppa v/Ranveig

- Kiosken går godt, og det har vore passeleg med varer – har funne ein god balanse i innkjøp.
- Bra at vareutvalg ligg inne i Vipps – lettar jobben for dei som står i kiosken
- Har nytta ein del ungdommar til å stå i kiosken i haust – positivt. Vil fortsette med det.
- Er som regel lett å få tak i folk generelt

Sak 39/24-25 Orientering og saker frå Prosjekt Prestavikjo v/Jon

Mykje arbeid gjort i Prestavikjo i haust.

- Grunnarbeid, grøfting og kabling.
- Nytt lysanlegg på kunstgrasbanen.
 - Ferdig.
 - Gjenstår nokre innstillingar.



- Ønskje om at ein kan ha lys tilgjengeleg for alle ved å trykka på ein knapp. Kan to lys stå på i til dømes 1-2 timar.
- Svært mykje meir energieffektivt enn tidlegare.
 - Gammalt anlegg: Eitt nivå: 16 * 2000 watt =32 000 watt
 - Nytt anlegg:
 - Kan stillast mellom 30% - 100% av 200 lux.
 - Dei seks lysmastene kan styrast individuelt.
 - Med alle lys på max: 12 * 1550 watt =18 600 watt
 - Men max blir kun brukt til kamp. 100 lux tilrådd trening, og ofte berre to på om gongen.
- Lys på 3'arbane og pompeløype.
 - Ventar på beslag/oppheng, så kjem det på plass.
 - Skal kunna trykka på knapp slik at det lyser 1-2 timar.
 - Slike lys skal komma på alle aktivitetsflatar.
- 3'ar-bane og pompeløype kan ferdigstillast som prosjekt når lys er på plass.
 - Gjenstår kunstgras/finish rundt begge anlegg.
 - Polstring av stolpe og hjørne må på plass.
- Del 1 av asfaltert turveg ferdig.
 - Finish langs asfaltkant spesielt på tribunevollen må på plass for å unngå utsig og småstein på banen.
 - Så i skråning.
- Tribune
 - Gjenstår trapp ned til banen.
 - Innspel her om å ikkje ha trapp, men laga til gjerde slik at folk må gå asfalten ned.
 - Så i skråningar.
- Budsjettoversikt når ein får inn siste fakturagrunnlag.
 - I haust har desse stått på: BG Suldal inkl NCC, Ola Fisketjøn, JK Elektroservice.
 - Totalt sett litt over budsjett på grunnarbeid, spesielt tribunevoll og rampar til gang- og sykkelveg. Dette var ikkje påtenkt i utgangspunktet, men har løfta anlegget vesentleg.
- To representantar frå fylkeskommunen var på synfaring torsdag 7.11. Ingenting å utsetta på det som er gjort.
- Vegen vidare:
 - Ferdigstill 3'ar-bane, pompeløype, tribune og lys til fotballbanen slik at ein kan få ut all støtte.
 - Søk meir midlar. Jobba med politikarar inn mot budsjetthandsaming.
 - Oppdatera spelemiddelsøknadar.
 - Sjå over budsjett og likviditet slik at me veit kva me kan starta med til hausten.
 - 1. Bør få ferdig asfaltert turveg først. Vår 2025.
 - 2. Nordre sving med padeltennis og fleirbruksbane. 2025.
 - 3. Balansepark og boccia-bane. 2025.
 - 4. Turnbasseng. 2026.
 - 5. Sandvolleyball. 2026.
 - 6. Freesbeegolf. 2026.
 - 7. Benker/bord/grill. 2025-26.



- 8. Resultattavle/lydanlegg. 2026.
- Parallelt med disse seks punkta, bør ein jobba med kiosk. 2025.
 - Har hatt samtale og synfaring med Suldal Ungdomslag om lokasjon og samarbeid. Må sjekkast med kommune/brann.
- Laga plan for vedlikehald, rydding, dugnadsgjeng.

Sak 40/24-25 Gjennomgang av forslag for nytt reisedirektiv/støtteordning frå komité

- Arbeidsgruppa har laga to forslag til reisedirektiv til ski og fotball.
- Det er ein plan om å ha ein felles plattform, og det er ønskeleg at det blir eitt reisereknings-skjema alle skal bruke uavhengig av idrett.
- Arbeidsgruppa har henta inspirasjon frå andre klubbar som ein kan samanlikna seg med både i nærleiken og lenger vekk.
- Forslaga blir arbeida vidare med i styret, og blir tatt opp igjen på neste styremøte. Hege og Astrid prøver å sy det saman.

Sak 41/24-25 Ymse

- Kva kan me gjera for å inkludere dei ukrainske i grenda i idrettslaget?
 - Oppdatere oversikt over kva tilbod idrettslaget kan tilby, og få det oversatt til ukrainsk.
 - Kan lage eit "velkomstbrev" på norsk, engelsk og ukrainsk med informasjon og kontaktpersonar. Kan også få med informasjon om korleis vårt idrettslag fungerer, og at det er positivt om dei ønskjer å bidra.
 - Haavard ser på saka og sender eit forslag til styret.
- Status Politi attester
 - 14. november kjem det ei oppdatering i programmet som skal forenkle prosessane.
 - Det manglar fortsatt ein del attestar på trenarar – purrar dei snarast.
- Gruppearbeid etter friviligfesten
 - Mange gode innspel som ein kan arbeida vidare med.
 - Blir tatt opp som eige punkt på neste styremøte
- Medlemskap i Friidrettsforbundet
 - For at SIL sine medlemmer skal kunne melde seg på ulike løp må idrettslaget vera medlem i Friidrettsforbundet.
 - Slik det er no må dei som ønskjer dette melde seg inn i andre idrettslag for å kunne delta.
 - Haavard sjekkar opp i formaliteter angående pris og evt krav.